

Styremøte HFL 11.08

Tid/stad: Teams 17.00-18.00

Tilstades: Per Øyvind, Margunn, Åslaug

1. Gjennomgang av styrereferat frå 10. Mai

Årsmøteprotokoll fortsatt ikkje signert av begge "protokollunderskrivarane".

Åslaug har purra.

Per Øyvind møter på VK23-møte for oppfølging.

Samarbeidsamtale med SFFL er signert og ok.

2. Dommarar til Vestlandskappleiken i Bergen 13-14 oktober 2023

Me har i første omgang forslag til desse domarane frå Hordaland:

Ole Gjerde – durspel - Per Øyvind spør

Aud Fjeld – dans - Per Øyvind spør

Anne Murstad – vokal – Åslaug spør

Me landar våre først, så gjev me ballen videre til S&F, som finn kompetanse innen hardingfele/fele og eldre folkemusikkinstrument. Totalt skal me ha 5 dommarar

3. Søknad om stønad frå Bergen kommune til dansefesten 14. Oktober

Søknad er gjennomgått av styret, og klar frå vår side.

Per Øyvind sender inn til Bergen kommune over helga.

Kopi vert sendt til FolkOrg og VK23

4. Innkomne søknader til HFL om stønad. Gjennomgang/evt. Løyvingar

BUL ervingen - søknad om midlar til fordjupingsprosjekt for ungdom.

Åslaug melder seg inhabil i vurderinga då ho er med som instruktør i prosjektet.

Søknad er godkjent. Åslaug sender svar til BUL Ervingen

5. Oppfølging samarbeidet med SFFL, evt. fellesmøte, jf e-post 19.05.23

Spørjeundersøkjing om VK si framtid og struktur sendast til laga.

Forslag om elektronisk skjema – avkryssing og mogeleg kommentarfelt. Spørsmål må utformast slik at me får svar på det me ynskjer.

Me jobbar vidare med dette etterkvert.

Fellesmidlar med SFFL – dette må avklarast korleis desse skal kunna nyttast. Forslag om eit teams-møte i nær framtid.

6. Evt. forseinka jubileumsfest

Skal me gjennomføra jubileumsfesten? Kan me evt knyta den til eit allereie planlagt arrangement? Tid nov/des.

Om nokon av lokallaga har arrangement som kan passa er me interessert i dette.

